



Elektronisk skulekort

Informasjon til elevar og føresette



Elektronisk skulekort

Til alle elevar med rett til fri skuleskyss i Sogn og Fjordane

- Gjeld reiser mellom heim og skule.
- Gjeld to reiser kvar dag inkludert overgang, ei til og ei frå skulen.
- Skal ikkje nyttast til reiser/turar i skuletida.
- Gjeld berre på dagar med undervisning på skulen.
- Kortet er personleg med namn og kortnummer. Det er ikkje lov å låne det ut til andre.



Du registrerer kortet i billettmaskina hos sjåføren kvar gong du går på bussen.

Ta vare på kortet

Du skal nytte kortet alle åra du går på skule, så lenge du har rett til fri skuleskyss. Ta godt vare på kortet!

For at kortet skal fungere som det skal, er det viktig at du ikkje

- lagar hol i kortet
- klypper i kortet
- vaskar eller brenner kortet
- biter i kortet
- bøyer eller brettar kortet

Mista eller øydelagt kort

Dersom skulekortet vert øydelagt, mista eller har teknisk feil, må du ta kontakt med skulen for bestilling av erstatningskort. Mista kort som kjem til rette skal leverast til skulen.

Elevar frå og med 5. klasse må betale 100 kr for å få erstatta mista eller øydelagte kort. Kort med teknisk feil vert erstatta utan kostnad.

Gløymt kort

Du får vere med bussen om morgonen sjølv om du har gløymt skulekortet.

Men du må ta kontakt med skulen for å få låne nødkort til heimreisa. Utan nødkort kan du måtte betale for heimreisa sjølv.

Kven har rett til skuleskyss?

- Elevar i 1. klasse som bur meir enn 2 km frå skulen
- Elevar i 2.-10. klasse som bur meir enn 4 km frå skulen
- Elevar i vidaregåande skule som bur meir enn 6 km frå skulen
- Elevar utan skyssrett kan reise med bussen som vanlege passasjerar

Tryggleik på skulevegen

- **Vent** til bussen/båten har stoppa heilt opp før du går om bord.
- Gå roleg om bord og **registrer skulekortet** hos sjåføren eller billettøren.
- Plasser sekk, gymbag og andre vesker på golvet eller på fanget, ikkje set dei på setet ved sidan av deg.
- Bruk **setebelte**.
- **Sitt roleg** i setet. Gjer du ikkje det, utset du både deg sjølv og andre for fare.
- Gå roleg ut av bussen/båten. Vent med å krysse vegen til bussen har køyrt.
- Meld frå til skulen dersom du eller andre opplever mobbing på skulevegen. Sei også ifrå dersom det er ledige sete om bord, men du likevel ikkje får sitte.

Spørsmål om skuleskyss?

- Kontakt skulen din
- Kontakt Sogn og Fjordane fylkeskommune: skuleskyss@sfj.no
Tlf.: 57 63 80 00

Du skal nytte kortet alle åra du går på skule, så lenge du har rett til fri skuleskyss. Ta godt vare på det!

Hugs skulekortet kvar dag!

Du registrerer kortet i billettmaskina hos sjåføren kvar gong du går på bussen.



Samferdsleavdelinga
fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
Telefaks: 57 65 61 01
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: jente med skulekort
Uforming og foto: kristinkom.no